



Brit Margrethe Dale på Stord får nei frå rådmannen i ei klagesak som gjeld eit tilleggsareal på Skorpo.

Han innstiller på at forvaltningskomiteeen i møtet 25. februar ikkje skal gjeva dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen eller frå plan- og bygningslova om forbod mot bygging i strandsona.

Dermed vil komiteen oppretthalda sitt tidlegare vedtak.

Dale ynskjer frådelling av 180 kvadratmeter som skal nyttast som tilleggsareal til fritidseigedommen hennar. Søknaden er grunngjeve med at det aktuelle arealet etter muntleg avtale har vore brukt av hennar eigedom i alle år sidan tomta vart frådelt i 1968, mellom anna til tidlegare utedo.

Det omsøkte arealet er avsett til LNF-område i gjeldande kommunedelplan og heile parsellen ligg innanfor 100-meter-beltet frå sjøen. Administrasjonen anslår at omlag 70 prosent ligg innanfor funksjonell strandsona. Rådmannen seier nei til frådelling fordi det ikkje ligg føre særlege grunnar etter lova.

Då saka var oppe i forvaltningskomiteen i desember i fjor slutta komiteen seg til rådmannen sitt framlegg om avslag. Berre ein røysta for - Framstegspartiets Øystein Herskedal.

Administrasjonen viste mellom anna til at det aktuelle arealet deler av ei fin strand og at det er andre fritidseigedomar i området som gjerne kan ha interesser i arealet som natur- og friluftsområde. Frådelling av området vil privatisera deler av stranda, påpeika saksbehandlar Anne Lise næs Olsen.

Brit Margrethe Dale har no klaga på vedtaket. Ho hevdar at frådellinga ikkje omfattar deler av strandlinja og ynskjer at komiteen eller deler av denne kjem på synfaring før nytt vedtak vert fatta. Administrasjonen seier til dette at komiteen sjølv må avgjera om den skal på synfaring..

Av Ola Matti Mathisen